## NITEDALS BLYHAGLPATRONER

# Klassikeren er tilbake!

**Det største ikon av haglpatroner blant norske jegerar var utan tvil Nitedals Spesial. Nå er klassikeren tilbake, og vi har testa!**




Nitedals Spesial er tilbake saman med omtrent like klassiske Nitedals Ekspress og litt yngre Nitedals Rype. Den mest klassiske er likevel Nitedals Spesial Papp, men Spesial med papphylse og fiber kom diverre ikkje tidsnok til å vere med i denne testen.

Først ut av Nitedals-patronene med blyhagl er Nitedals Rype. Dette er blyhaglpatrona eg helst vil ta med meg på rypejakt. I testhagla skyt Nitedals Rype jamne treffbilde med god hagldekning – kanskje litt i overkant tett med hagl på 25 meter. Både pris og rekyl er snill, i det heile er Nitedals Rype 32 g hagl nr 7 perfekt rypepatron i kaliber 12.

Nitedals Spesial med 34 g US 7 er sjølvsagt og ein ypperleg rypepatron, men Spesialen skyt endå tettare enn Nitedals Rype i testhagla, og kan derfor gje unødig mange hagltreff i fuglen tidleg i jakta. Så er det slik at rypejegeren som vil utnytte hagle og patroner optimalt kan lade dobbeltløperen med Nitedals Rype som førsteskot i løpet med minst trangboring og Nitedals Spesial i det andre.

Etter min meining er US 5 eller norsk nr 4 upraktisk grove hagl til rypejakt, men for den som jaktar i terreng med både rype og orrfugl, kan US 5 vere eit greitt alternativ. Eller US 6. Uansett er US 5 minste hagl i Nitedals Ekspress, den er testa her saman med Nitedals Spesial nr 5. Nitedals Ekspress skal ha 390 m/s utgangshastighet, testpatronene hadde her eit gjennomsnitt på 400 m/s! Høgare utgangshastighet enn lova er temmeleg uvanleg, men få vil vel klage over det!

Tekst/foto: Jørund Lien

**Norma AS**
**www.norma.as**

**tlf. 22 07 13 00**
**Priser:**
**Nitedals Rype 12/70 32 g nr 7:** kr 5,90
**Nitedals Spesial 12/70 34 g nr 7–6:** kr 9,90
**Nitedals Ekspress 12/70 36 g nr 5:** kr 8,90

## REVEVARSLER, ART.NR. 44–499

# Billig revevarsler




Kan en revevarsler til under 200 kroner være noe tess? Vi plukket Biltemas overvåkingsalarm ned fra hylla og ga den en sjans. Systemet består av en IR-sensor med sender som plasseres på åtet og en mottager med alarm som plasseres der du befinner deg. Sensoren slår ut på store dyr på opptil 30 meters avstand. For mindre vilt er deteksjonsavstanden kortere. Dette er imidlertid fullt på høyde med det dagens viltkameraer presterer, og sensoren fungerer greit ved på åteplass.

Rekkevidden oppgis til 50–80 meter. Vi ble derfor gledelig overrasket da testmodellen ved 0 °C ute og med mottager plassert inne, jevnt og trutt fungerte på avstander opp til 170 meter. I kuldeperioder med -10 til -15 °C fikk vi kontakt på 120 meter, men etter å ha stått i ro noen dager ute, var det periodevis ikke kontakt på avstander over 80 meter. Konklusjonen blir at systemet fungerer prikkfritt på avstander opp til 80 meter, og på gode dager kan du få signal på inntil 170 meters avstand.

Tekst/foto: Arne T. Hamarsland

**Biltema**
**www.biltema.no**

**Pris:** 199 kroner
**Mål mottager:** 94 x 41 x 130 mm
**Mål sensor:** 69 x 47 x 110 mm

**+ Sensor som oppdager viltet raskt, god rekkevidde fra sensor til mottager**
**– Mangler vibrasjonsvarsling, litt begrensede festemuligheter på sensor, må ha skrutrekker for batteribytte, må ta ut batteri for å slå av sensor**

**Totalt** 7

## ADDON UTSTYRSBAG

# Alt på ett sted

Det er ikkje for ingenting at det står NeverLost utstyrsbag/Grab Bag i Norma-katalogen, det skal bare vere å grabbe bagen og dra i veg, i sikker forvissing om at alt av vesentleg utstyr er med. NeverLost AddOn er laga av svart/oransje 900 D polyester som er vasstett, men det er ikkje saumar eller glidelåsar. Dermed er det ikkje lurt å bade NeverLost Grab Bag i båten eller bekken, men litt regn toler den greitt utan at innhaldet vert vått.

På den eine enden er det ei lomme merka med patroner, men om ein ikkje låser inn heile veska, bør vel ikkje patroner oppbevarast der året rundt. Framme er lomme for hørselsvern og sammenleggbar sittestol, den lomma kan like godt brukast til drikkeflaske. For å få plass til større jaktutstyr er det bare å ta ut innvendige lommer etter behov, alt er festa med borrelås slik at veska kan ha alt frå eitt stort rom til fleire små. Etter eit halvt års bruk er min personlege erfaring at NeverLost AddOn utstyrsbag er svært praktisk i bruk, utan andre ulemper enn prisen. Om den er så solid og slitesterk som det kan tyde på, er den verdt pengane.



Tekst/foto: Jørund Lien

**Norma AS**
**tlf. 22 07 13 00**

**Pris:** kr 1970,-
**Mål:** 61 x 36 x 31 cm
**Stoff:** 900 D polyester

**+ Stor, rommeleg, solide handtak og berereim**
**– ingen**

**Totalt** 10

## WORK SHARP GUIDED SHARPENING SYSTEM (GSS)

# Manuell knivsliper




Når kniven skal skjerpes, kommer du et stykke med knivstålet, men etter noen gangers bruk hjelper det ikke, og kniven må slipes for å for å få fram en ny, kvass egg. Det er ikke enkelt med et gammeldags bryne eller et lite diamantbryne. GSS løser dette problemet ved at det er gradmaler på 20 og 17 grader på hver side av diamantbrynet.

Diamantbrynene som følger med, er på hele 30 x 150 mm, noe som gir stor arbeidsflate og effektiv sliping. De er lette å ta av og på og festes med to tapper og solide magneter.

I standardsettet medfølger to bryner med korning 320 og 600. I tillegg er det et keramikkbryne som settes i samme vugga som diamantbrynene. Den store, runde keramikkstanga med diameter 8 mm kan dreies slik at tre ulike slipeområder kommer fram: et grovkornet, et finkornet og et med fine riller der spisser på f.eks. fiskekroker kan brynes. I tillegg er det to mindre keramikkstenger med diameter på 3 og 5 mm. De er beregnet på sliping av knivblad med serratering.

Work sharp har i tillegg laget et oppgraderingssett med diamantbryner med korning 220 og 800 samt lærskive med slipemiddel. I praktisk bruk står GSS rimelig stødig og stabilt på fire gummiføtter. Vi savner et par skruehull eller et sted å feste ei skruetvinge, slik at den kan settes solid fast ved behov. Erfaringen etter en tids bruk er at det er all grunn til å kjøpe oppgraderingssettet med en gang, først da får du et funksjonelt slipesystem. Diamantbrynene med ulik korning fungerer godt når vi starter med det grove og går over til finere og finere korning, for så å avslutte med lærskiva og slipemiddel. Er kniven svært sløv, tar jobben tid, og vår konklusjon er at GSS er best egnet på knivegger som kun trenger en lett bryning. Vellykket sliping av serraterte knivblad er avhengig av at serrateringen har en kurve som passer til en av de tre keramikkstengene. Det har de ikke alltid, og sliping av serraterte blad oppleves ikke spesielt enkelt eller effektivt.

GSS er solid bygd, fleksibelt i bruk og kan løse mange slipeoppgaver. Knivene blir brukbart skarpe, men den siste graden fram til barberblad har jeg ikke fått til. Det er muligens en treningssak.

Tekst/foto: Arne T. Hamarsland

**Alterno AS**
**www.worksharp.no**

**Vekt:**
**Standardsett:** ca. 670 gram
**Oppgraderingssett:** ca. 180 gram
**Priser:**
**Brynesystem:** kr 669,-
**Oppgraderingssett:** kr 449,-
**Øvrig:** Fås kjøpt i sports- og nettbutikker

**+ Effektivt bryne i felten, mange muligheter og funksjoner**
**– Kan ikke festes mot underlaget, krever øvelse for topp resultat**

**Totalt** 8